

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Tysdag 18.02.25</b> <b>SU kl. 16:00-18:00</b>	Stad:	<b>Landro skule</b>
------------	---	-------	---------------------

### Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Raymond Strømsnes	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
<b>5-24/25</b>	<p><b>Spørsmål til vedtak i kommunestyret om kringsgrensejustering mellom Landro skule og Toftøy skule, som gjeld elevar frå Misje og Turøy:</b></p> <p>Dette var hovudsaka i SU-møtet. Vi drøfta saka grundig, og Samarbeidsutvalet har 20.02.25 sendt spørsmål til ordførar/kommunestyret om vedtaket er gyldig. Her kan du lese saka og spørsmåla som er stilt:</p> <p><b>Spørsmål til vedtak i kommunestyret – sak 23/19755</b></p> <p>I samband med behandlinga av barnehage- og skulebruksplan for Øygarden kommune, fatta kommunestyret 18.12.2024 vedtak i sak nummer 23/19755 – Barnehage- og skulebruksplan 2024-2040:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Kommunestyret vedtek tiltaka i barnehage- og skulebruksplanen for Øygarden kommune fram til 2028.</li><li>2. Kommunestyret vedtek <b>følgjande endringar</b> i framlegget frå kommunedirektøren for valperioden 2023-2027;</li></ol>

- **Kringsgrensejustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule frå august 2025.**
- Ferdigstilling av Fjell ungdomsskule i denne perioden.
- Setja i gang bygging av ny barneskule på Møvik til erstatning for Ulveset og Skålevik skular med ferdigstilling i 2029.
- Igangsetting, planlegging av ny, eller rehabilitering av barneskule på Ågotnes i 2027.

3. Endringar i framlegget i perioden 2028-2040 til ny barnehage- og skulebruksplan vert å koma tilbake til i samband med rullering kvart 4. år, første gang i 2028. I forkant av dette skal det hentast inn oppdaterte folketal- og elevtalsprognosar som skal leggjast til grunn for eventuelle justeringar i planen.

I etterkant av vedtaket, har Landro skule og Samarbeidsutvalet (SU) motteke fleire spørsmål rundt prosess og vurderingar, som er gjort i samband med justeringa av kringgrenser mellom Landro og Toftøy skular. Samarbeidsutvalet har drøfta saka, og vi stiller nokre spørsmål knytt til dette vedtaket:

1. Har kommunestyret følgd gjeldande saksbehandlingsreglar og lovverk som gjeld for endring av skulestrukturen?
2. Kva er bakgrunnen for at denne endringa kom inn i sluttbehandlinga etter høyring? Kva utgreiing ligg til grunn for vedtaket, og har ein vurdert konsekvensar av vedtaket?

**Spørsmål 1: Har kommunestyret følgd gjeldande saksbehandlingsreglar og lovverk som gjeld for endring av skulestrukturen?**

Fakta i saka er at denne endringa aldri var skissert, eller ein del av forslaga som var presentert i barnehage- og skulebruksplanen, som var på høyring. Landro skule eller rådsorgana hadde ikkje fått noko informasjon om dette alternativet, før det faktisk vart fatta vedtak i saka. Det vil seie at det aldri var høve for Landro FAU, Landro SU, eller andre å få uttale seg konkret om dette forslaget i høyringsrunden.

Kringsgrensejustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule var ikkje til drøfting i møte i Levekårsutvalet 06.11.24, når saka om barnehage- og skulebruksplan var på sakslista.

Dette forslaget og denne endringa kom først «på bordet» under behandling i kommunestyremøtet 18.12.24, altså same dagen som vedtaket vart fatta. Det var eit fellesforslag frå H, Frp, SL/TVØ, Krf og PP.

Gjennom behandlinga av barnehage- og skulebruksplan vart det fatta to vedtak om kringgrensejustering: - justering mellom Hjelteryggen og Brattholmen, samt mellom Landro og Toftøy. Det er stor skilnad på kva merksemd og utgreiing justeringa mellom Hjelteryggen og Brattholmen har fått, kontra justeringa mellom Landro og Toftøy.

Forslaget om krinsjustering mellom Hjelteryggen og Brattholmen, kom klart fram i barnehage- og skulebruksplanen som var til høyring. Det medførte at det kom inn fleire innspel i høyringsrunden, både frå rådsorgan og andre partar som vart råka av justeringa. I samla vurdering av høyringsinnspel og endeleg tilråding skule, kan ein tydeleg lese kva vurderingar som er gjort med tanke på krinsjustering mellom Brattholmen og Hjelteryggen.

Vurderingar rundt den andre krinsjusteringa, mellom Landro og Toftøy, er ikkje nemnt med eit ord under samla vurdering og endeleg tilråding i sluttbehandlinga. Det var aldri noko forslag om denne justeringa i barnehage- og skulebruksplanen som var lagt ut til høyring, så det kom naturleg nok ikkje inn nokre innspel frå innbyggjarar eller rådsorgan som vart råka av denne justeringa.

På bakgrunn av dette, stiller Samarbeidsutvalet ved Landro skule spørsmål til ordførar og kommunestyret, om ein har følgd gjeldande saksbehandlingsreglar og lovverk som gjeld for endring av skulestrukturen og krinsgrenser?

Her må vi sjå til Utdanningsdirektoratet, og rundskrivet «Behandlingen av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser». I Øygarden kommune er det politisk bestemt av vi skal ha ulike krinsgrenser, men kommunen har ikkje gitt eigne forskrifter om skulekrinsgrenser. Vi må difor sjå til regelverket som gjeld for saksbehandling i kommunar som ikkje har gitt forskrifter om skulekrinsgrenser.

Det er eit ulovfesta forvaltningsrettsleg prinsipp at forvaltninga skal treffe vedtak etter at saka har vore behandla på forsvarleg måte. Forsvarleg saksbehandling krev at ei sak er tilstrekkeleg opplyst før det blir gjort vedtak. Med utgangspunkt i prosessen som er skissert rundt dette vedtaket, så kan vi ikkje sjå at saka har vore behandla på forsvarleg måte.

I rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet står det vidare:

«Spørsmål om skolestruktur og eventuelle kretsgrenser for skoler vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. Skolens *samarbeidsutvalg*, alternativt *foreldrerådet*, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse
- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres».

I rundskrivet står det også presisert at dersom endring av skulestruktur medfører endring i skyssbehov, bør også fylkeskommunen få høve til å uttale seg i saka.

Det er ikkje lov- og forskriftsbestemte reglar for kor lang fristen for å uttale seg skal vere i saker om skulestruktur, men ein bør få uttale seg, og må då få tilstrekkeleg tid til å førebu sin uttale.

Utdanningsdirektoratet understreker betydninga av at kommunane følgjer saksbehandlingsreglane i deira behandling av saker om skulestruktur. Spørsmålet er om Øygarden kommune og kommunestyret har følgd desse saksbehandlingsreglane i saka som gjeldt kringsgrensejustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule frå august 2025? Utan høyring på denne konkrete endringa, så meiner Samarbeidsutvalet at saksbehandlingsreglane ikkje er følgd, og vedtaket om denne krinsjusteringa bør bli oppheva.

**2. Kva er bakgrunnen for at denne endringa kom inn i sluttbehandlinga etter høyring? Kva utgreiing ligg til grunn for vedtaket, og har ein vurdert konsekvensar av vedtaket?**

Når vi les saksdokumenta frå sluttbehandlinga, og via kommune-TV kan sjå kva spørsmål og drøftingar som vart gjennomført i kommunestyret 18.12.24 i forkant av vedtaket, så er det naturleg for Samarbeidsutvalet å stille nokre fleire spørsmål.

Bakgrunn for endringa om kringsgrensejusteringa mellom Landro og Toftøy blir ikkje belyst, verken i saksdokumenta eller i drøftingane under sluttbehandlinga i kommunestyret. På kva grunnlag har ein då fatta dette vedtaket, og har ein tatt omsyn til og vurdert viktige moment i saka? Samarbeidsutvalet ønskjer difor å stille nokre spørsmål om kva utgreiing som ligg til grunn, og kva vurderingar av konsekvensar som er gjort knytt til vedtaket:

- Opplæringslova § 2-6 seier noko om kva grunnskule eleven skal gå på. Ved tildeling av skuleplass og fastsetjing av forskrift om skulekrinsar, skal kommunen leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen, **men** kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve, kapasitet på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule. Ein skal gjennomføre ein heilskapeleg vurdering av kva som bør vere nærskulen. Er dette gjort?
- Har ein tenkt gjennom at vedtaket vil medføre auke i utgifter til skyss? Det vil vere elevar som med dette har rett til skuleskyss i begge retningar, både til Landro skule og til Toftøy skule.
- Har ein kartlagt elevtal, og sjekka om det er noko form for «gevinst» med dette vedtaket? Om tanken er at dette vedtaket vil føre til at

mange elevar vil bli tilført Toftøy skule, så vil ikkje dette bli resultatet i praksis. Det vil i dei næraste åra gjelde svært få elevar. Skulen har fått signal om at elevar som går på Landro skule i dag, vil halde fram med det, og at det i stor grad vil bli søkt om at søsken kan få starte på Landro skule. Då vil vi ha ein situasjon der elevane frå dette området på papiret har nærskulen sin på Toftøy, men i realiteten går på Landro skule.

- Kva med at barn i same nabolag skal få gå på same skule? Nokon vil ha rett til å søkje om plass ved Landro skule, og andre ikkje. Då kan to familiar som bur rett ved sida av kvarandre, ikkje berre måtte forhalde seg til to, men kanskje til fire ulike skular om dei har barn både i barneskulealder og ungdomsskulealder (Landro skule, Toftøy skule, Tranevågen ungdomsskule og Øygarden ungdomsskule).
- Har ein gløymt historia? Kva med omsynet til at innbyggjarane på Misje og Turøy for relativt få år sidan mista nærskulen sin, når Misje skule vart nedlagt? Det har vore omstilling og investering over tid i møte med ny nærskule. Når dei no har fått god kjennskap og eigarskap til sin nye nærskule, så skal dei same innbyggjarane på ny få tildelt ein annan nærskule? Har ein tenkt fram i tid? I tidslinja som følgjer med barnehage- og skulebruksplanen, så kan det bli aktuelt å avvike Toftøy skule. Kva då med elevane frå Misje og Turøy? Skal dei då eventuelt til Rong skule eller tilbake til Landro skule?
- Manglande kapasitet ved Landro skule er heller ikkje ei aktuell problemstilling på noverande tidspunkt. Då blir spørsmålet kvifor denne endringa i kringsgrenser kjem inn no, utan skikkeleg utgreiing og høyring? Bør det ikkje heller gjerast heilskaplege vurderingar i samband med rullering kvart 4. år? Då kan ein vurdere ut frå oppdaterte folketal- og elevtalsprognoser, og leggje desse til grunn for eventuelle justeringar av kringsgrenser.
- Har ein tenkt på kva som er det naturlege nærmiljøet for dei aller fleste av innbyggjarane på Misje og Turøy? Alle som veks opp ein stad kjenner på og veit kor dei høyrer til og har sin identitet. Dei høyrer til der dei besøker vener, der dei går på butikken eller der dei møter andre på fritidsaktivitetar etter jobb og skuletid. Det naturlege nærmiljøet for folket på Turøy og Misje går ikkje i hovudsak i retning nord i kommunen, men i retning sør med Ågotnes som «sentrum». Det er sørover og i dette området dei i stor grad reiser for å handle, for å levere i barnehagen, besøke dei eldre på Kvednatunet, delta på fritidsaktivitetar og vere sosiale med vener. Landro skule ligg midt i det området som kan definerast som det naturlege nærmiljøet for folket på Turøy og Misje, og her har alltid vore tett kontakt mellom grendene Turøy, Misje, Landro, Solsvik, Vindenes, Angeltveit og Ågotnesområdet. Topografi og korleis grendene er fordelte og høyrer saman, bør difor også vere eit argument for å halde på Landro skule som nærskulen, og ikkje gjere endringar som ikkje samsvarar med det naturlege levemønsteret for folket på Turøy og Misje.
- Kva vurderingar er det gjort i høve til barnet sitt beste? Barnet sitt beste skal ein også leggje vekt på, blant anna i saker om skulestruktur. Familieane på Misje og Turøy har allereie vore gjennom

	<p>ein prosess med omstilling og endring, og med dette vedtaket står dei overfor ein ny prosess. Barn og vener i same nabolag, kan kome i situasjonen der dei blir splitta på to ulike skular. Det er vel ikkje i tråd med ein tanke om barna sitt beste?</p> <p>Som sagt har både skulen og Samarbeidsutvalet ved skulen motteke fleire spørsmål rundt prosess og vurderingar, som er gjort i samband med justeringa av kringsgrenser mellom Landro og Toftøy skular. Det er vanskeleg å forstå kvifor dette vart vedteke utan høyring, og kva for utgreiing og vurderingar som ligg til grunn. Samarbeidsutvalet håpar difor at spørsmåla vi stiller blir tekne på alvor, og at det blir gjort ei vurdering av om dette vedtaket er i tråd med gjeldande saksbehandlingsreglar, og dermed gyldig.</p> <p>Med vennleg helsing Samarbeidsutvalet ved Landro skule</p> <table data-bbox="389 869 1203 1137"> <tr> <td>Anette Johansen Arslan</td> <td>Foreldrerådet, leiar FAU</td> </tr> <tr> <td>Raymond Strømsnes</td> <td>Foreldrerådet, nestleiar FAU</td> </tr> <tr> <td>Beate Heggernes</td> <td>Undervisningspersonalet</td> </tr> <tr> <td>Ingvild L. Tellnes</td> <td>Undervisningspersonalet</td> </tr> <tr> <td>Monica H. Sæle</td> <td>Andre tilsette</td> </tr> <tr> <td>Morten Snekkevik</td> <td>Kommunal representant, politisk</td> </tr> <tr> <td>Anita Vabø</td> <td>Kommunal representant, rektor</td> </tr> </table>	Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU	Raymond Strømsnes	Foreldrerådet, nestleiar FAU	Beate Heggernes	Undervisningspersonalet	Ingvild L. Tellnes	Undervisningspersonalet	Monica H. Sæle	Andre tilsette	Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk	Anita Vabø	Kommunal representant, rektor
Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU														
Raymond Strømsnes	Foreldrerådet, nestleiar FAU														
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet														
Ingvild L. Tellnes	Undervisningspersonalet														
Monica H. Sæle	Andre tilsette														
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk														
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor														
<p><b>6-24/25</b></p>	<p><b>Elevundersøkinga:</b></p> <p>SU hadde ein gjennomgang og drøfting av resultatata på Elevundersøkinga for 5.-7. trinn. Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der elevane får seie si meining om forhold som er viktige for å lære og trivst på skulen. Elevane svarer anonymt på ulike spørsmål om blant anna trivsel, mobbing, miljø, motivasjon, støtte frå lærar og støtte frå dei heime.</p> <p>Vi har nullvisjon med tanke på mobbing, og jobbar systematisk med førebygging og har fokus på dette området. Likevel har vi gjennom skuleåret saker vi må følgje opp og jobbe med på dette feltet. Resultata våre på Elevundersøkinga når det gjeld mobbing:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 5. trinn – resultat på landsgjennomsnittet</li> <li>• 6. trinn – resultat lågare enn landsgjennomsnittet</li> <li>• 7. trinn – resultat lågare enn landsgjennomsnittet</li> </ul> <p>Lærarane har på nyåret jobba mykje med oppfølging av resultatata, og sett på kva som fungerer godt, og kva vi bør jobbe vidare med. Tiltak for å auke elevane sin motivasjon er til dømes eit tema vi har drøfta grundig.</p>														

**7-24/25**

**Saker frå FAU:**

FAU-leiar orienterte om at FAU ynskjer å kjøpe inn litt utstyr til elevane før påske. Elevrådet drøftar saka og kjem med ynskeliste til FAU.

*Referent:*

*Anita Vabø*

*Rektor*